

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Krinnherad

Emne: Brynet

Bygdelag: Omvikedalen

Oppskr. av: Arne Skuland

Gard: Skuland

(adresse): p. t. Rommelsveit

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Etter eigi røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Brynet.

(Svaret er skrive av Arne Skuland, fødd 1871 på garden Skuland og oppvoksen der.)

Fram til ikring 1890 var det bruket å bera brynet med seg på slåttebeigen i eit slag "slire" med vagn i. Denne slira heitte "krotedolkjen" og hang etter beltet eller brokalvingi som eit vanleg kniv = stell, slirekniv i slire. Umframt brynet bar slåtte = karen og "ljåstikka", ei stikka av hardt arketre med tilsjore skaft som på ein kniv. Ljåstikka bruka dei nett etter dei hadde kverst ljåen med bryne til å skjuka lett yver ljåseggi med, so vart ljåen kvassare. No er ljåstikka ikkje i bruk lenger, og helder ikkje krotedolkjen.

Svar nr. 1. Det vanlege ord for bryne i bygdi er "bryne". Men ein høyrer og ordet kvartstein bruket for bryne, dette meire fyrr enn i dei seinare år.

Ordet hein er òlkjennut for eit visst slag bryne, og av og til nemnt heinebryne. Hein er ikkje bruka til å kvetja ljå eller oksar med, men meire til finare verkty.

Svar til nr. 2. Bryner av kvartstein er mykje mindre i bruk enn bryne av naturstein. — Det finst ikkje naturleg brynestein i bygdi. kvar brynesteinen


kom ifrå er ukjent for han som skriv dette.

Svar til nr. 3. Ja, alle reidskap og verkty vart fyrst slipte på rund stein og sidan kvatte med bryne, hoveltenner, barberknivar m. fl. med hein.

Svar til nr. 4. Det var i min barndom og ungdom sagt at ein ikkje slipte ljåen på vanleg rund slipestein "i gamle dagar", men bynnte eggj ut med hammar kvar laurdagskveld heime i smidja. Der etter vart ljåen kvost (bynnt i eggj) med ein grov firkanta stein som heitte senda. Medan dette siste gjekk fyre seg låg ljåen på sendestokkjen, ein utthola stokk som eit smalt brog på fire føter. Det var vatn i sendestokken til bruk under bynningi. Truleg vart sigden handsama på same måten. - Skikken med å slipa ljå kom nok til bygdj i fyrste halvdel av 1800 talet, vistnok kring 1830. Tynnolejåar var bjukkare i "barkjen" (makken) enn slipeljåar var. Det var den tid smidje på nær sagt kvar gard, og husbonden gjorde ljåbynningi. Men det er ukjent for meg som skriv dette, korleis bynningi gjekk fyre seg, utan um bruken av senda.

Svar til nr. 5. Det fannst ikkje på garden eller i grendi nokon stein som låg still og vart bruka til å slipa på med å føra reidskaperen att og fram. Fag-snikkaren legg stundom heinen på hyvelbenken og sliper hyveltonni soleis som ovanfor nemnt. Ein tok ikkje slipesteinen med ut på slåtteteigen, han hadde sin visse plass heima ~~ist~~ ^{på} tunet.

Svar til nr. 6. Det stend um slåttemarki. Er det lausbeit mark kann same slipingj halda seg ei heil matykt eller meire, men er det hardbeit mark må ein ofte bruka tvo nyslipte ljå eller ein annan i same matykt. (Matykt = tidi millom 2 matmål, t. d. millom frukost og daur.) Nei ein slipte ofte på slipestein, som i seinare tid vart driven med vatn.

Svar til nr. 7. Berre eitt slag bryne var i bruk, men ljåstikka av tre - hard ask - strauk ein eggje med etter bryningi. Sjå ovanfyre. Ljåstikka: . Ljåstikka hadde ein med heimanfrå og kunde bruke same stikka heile slåttonni og meire, enda til fleire år.

Svar til nr. 8. Stultorven løyser dei ikkje or orvet når dei sliper - til vanleg, men derimot alltid langorven. Dei held eggje mot seg når dei sliper, utan so at to mann sliper sambundes på same slipestein. Då lyft den eine venda eggje frå seg.

Svar til nr. 9. Dei set øvste enden av langorvet fast i marki, held ljaen på strak^{vinstre}arm med fingrane på "barken" (ryggen) av ljaen og brukar brynet eller stikka med høgre handi, med ~~dei~~ dei dreg brynet langs etter slipinggi eller til slutt på kvers av slipinggi. Ljåstikka dreg ein alltid kvikt på kvers av slipinggi. Stultorven held ein med orvet millom beini og gjerer elles som når ein kvebjer langorven.

Svar til nr. 10. Hylota som brynet vart bore i heiter kvotedolk, og vart boren på sida når dei slo med langorv, og framme, når dei bøygde seg framover i stultorvslått. Kvotedolken var anten av tre (orkola), blekk eller ler.

Svar til nr. 11. Det er ukjent um kvotedolken hev vore av billaga horn.

Svar til nr. 12. Sjå under nr. 10 og i innleiinggi.

Svar til nr. 13. Ein vater både naturstein og kunststein, vater på bryner, men ingi vater på ljåstikka, utan summe sputter på. Sand og tjóra er ikkje bruka, iminso ikkje sand, men kanskje tjóra på stikka - ein herde gong. Regel er det ikkje.

Svar til nr. 14. Det mo (eit), mjøl som kjem ved bryninggi heiter kvota eller brynemo, ved slipesteinen heiter det slipemo (eit).

4
Svar til nr. 15: Krota hev vore bruka som lys (lekje-
rød for ringorm og for fleire sjukdomar. Men dette
lekje-kapitlet er ukjent for han som skriv dette.
(For eg opplysningar, skal dei verta innsende seinare.)

Svar til nr. 17: Det er ikkje kjent at brynestemen
vert betre ved å liggja i maurtupa eller jord.

Svar til nr 18: Brynet åt ringe slåttekarar segjer:
"Kvebe mykje, bite lite; kvebe mykje, bite lite."

Svar til 19: Lume sa - stundom - "Tri!"

Svar til nr. 20: Denne regla kunde verta framsagd:

Kriaka site på hagagjer'e
greve^{x)} der ette kvatstein.

Kva vil du med kvatstein?

Kvebja (kvekkja) ljaen.

Kva vil du med ljaen?

Slå hån.

Kva vil du med hån?

Gje kuo.

Kva vil du med kuo?

Kjelka mjelkjo.

Kva vil du med mjelkjo?

Ysta ostem.

Kva vil du med ostem?

Gje presten.

Kva vil du med presten?

Lera borno å lesa.

^{x)} Ein segjer at kriaka greve (= grålar) når ho set og
nigjar og segjer: "Kra - kra".